

**Fra:** Ola Midttun (ola.midttun@fiskeridir.no)  
**Sendt:** 03.01.2014 11:18:42  
**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak  
**Kopi:**

**Emne:** Hordaland fylkeskommune - Regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet- Høyring av forslag til revidert planprogram  
**Vedlegg:**

Hordaland Fylkeskommune	Sakshandsamar:	Ola Midttun
Postboks 7900	Telefon:	46888567
5020 BERGEN	Seksjon:	Region Vest forvaltningsseksjon
	Vår referanse:	12/9155
	Dykkar referanse:	
	Vår dato:	19.12.2013
	Dykkar dato:	05.11.2013

Att:

#### Elektronisk post

### HORDALAND FYLKESKOMMUNE - REGIONAL PLAN FOR FRAMTIDIG LOKALISERING AV GODSHAMN I BERGENSOMRÅDET- HØYRING AV FORSLAG TIL REVIDERT PLANPROGRAM

Vi viser til brev av 05.11.2013 frå Hordaland fylkeskommune med høyring av framlegg til revidert planprogram for regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet.

#### Fiskeridirektoratet region vest sitt ansvar

Fiskeridirektoratet region vest er statleg sektormyndede for forvaltning av fiskerinæringa og akvakulturæringa i Hordaland og Sogn og Fjordane. I plansaker og søknader om tiltak som kjem i berøring med vårt sektorområde, er det vårt ansvar å ivareta sjømatnæringane sine interesser og syte for at det vert teke omsyn til bevaring av marint biologisk mangfald.

#### Vurdering av revidert planprogram og tema for konsekvensutgreiing

Hovudføremålet med planarbeidet er å avklare framtidig lokalisering av ei godshamn i Bergensområdet der ein har lagt fram tre alternativ for lokalisering:

- 0-alternativet (dagens hamn på Dokken),
- kombinasjonsalternativet (tek utgangspunkt i dagens hamn på Dokken, med tilleggsareal på Ågotnes og Mongstad),
- Fleslandsalternativet.

Fylkesutvalet vedtok i 2009 planprogram for lokalisering av ny godshamn og kombinasjonsalternativet og Fleslandsalternativet vart deretter konsekvensutgreia. På bakgrunn av konsekvensutgreiinga vart det seinare bestemt at vidare planlegging av Fleslandsalternativet ikkje lenger var aktuelt. Det er i etterkant utarbeida ein moglegheitsstudie for å identifisere andre, og betre eigna, lokalitetar i Fleslandsområdet. Jf framlegg til planprogram som no ligg føre viser moglegheitsstudien for Fleslandsområdet at det er grunnlag for å gjennomføre konsekvensutgreiing av ein meir eigna hamnelokalitet i Fleslandsområdet. Moglegheitsstudien viser også at etablering av godshamn i dette området vil kunne medføre store arealkonfliktar og terrenginngrep.

Av dei tre alternative lokaliseringsområda skil Fleslandsalternativet seg ut som eit reint utflyttingsalternativ. Dei to andre alternativa baserer seg på ekspansjon og utbygging av areal tilknytta anlegga på Ågotnes, Mongstad og i Bergen sentrum.

Fiskeridirektoratet region vest peiker på at utbygging av ei ny godshamn i Fleslandsområdet truleg er det av dei tre alternativa som vil medføre størst konsekvensar tilknytta arealbruk i sjøområda. Ifølgje det nye planprogrammet vart det sist utført ein konsekvensanalyse i 2011 basert på planprogrammet som låg føre i 2009. Områda som er tilrådd vidareført i den nye moglegheitsstudien for Fleslandsområdet, delområde E, F og G er til no ikkje konsekvensutgreia. Av planprogrammet går det også fram at bruken av aktuelle areal i kombinasjonsalternativet har endra seg etter konsekvensanalyse for desse områda vart gjennomført i 2011.

#### Arealbruk tilknytt fiske og akvakultur

På side 25-29 i planprogrammet er det presentert ei liste over kva tema som skal konsekvensutgreiast. Vi finn ikkje at arealbruk til fiskeri og akvakultur er med på temalista, og vi ber såleis om at desse tema vert teke med. Gjennom året går det føre seg eit næringsmessig kystfiskeri både etter pelagiske artar og kvitfisk i sjøområda. Ei hamneutbygging i den storleik det skal planleggjast for, kan få konsekvensar for utøving av fiske som t.d. ved arealbeslag. Utbygging av godshamn kan tilsvarende medføre konsekvensar for eksisterande akvakulturverksemd og framtidig etablering av slik verksemd. Konsekvensutgreiing av fiskeri- og akvakulturtema må utførast for begge alternativa, både ei utbygging etter kombinasjonsalternativet og ei utbygging etter Fleslandsalternativet. Fiskeri- og akvakulturæringane sine interesseorganisasjonar er ikkje tekne med på høyringslista for planprogrammet, og vi understrekar at desse skal høyrast. Vi ber om at planprogrammet vert oversendt til følgjande organisasjonar og at desse vert tekne inn på adresselista ved vidare høyringar i planprosessen:

- Norges fiskarlag, pb 1233 Sluppen, 7462 Trondheim, e-post: [fiskarlaget@fiskarlaget.no](mailto:fiskarlaget@fiskarlaget.no)
- Fiskarlaget Vest, Slottsgt 3, 5003 Bergen, e-post: [vest@fiskarlaget.no](mailto:vest@fiskarlaget.no)
- Norges Kystfiskarlag, pb 97, 8380 Ramberg
- Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening, Sandviksboder 1E, 5035 Sandviken, e-post: [firmapost@fhl.no](mailto:firmapost@fhl.no)

#### Bevaring av marint biologisk mangfald

Utbygging av godshamn etter begge alternativ vil medføre store inngrep i sjøområda og vil truleg påverke marin fauna og marint liv innanfor eit område som er langt større enn sjølve utbyggingsområdet. Fiskeridirektoratet understrekar at omsynet til bevaring av det marine biologiske mangfaldet må vektleggast gjennom planprosessen. Biologisk mangfald er blant tema som skal konsekvensutgreiast ifølgje lista i planprogrammet, og vi føreset at også marint biologisk mangfald inngår her. Nasjonalt program for kartlegging av biologisk mangfald er eit viktig bidrag for å gjennomføre meir presis

arealplanlegging. Data frå kartleggingsprogrammet er lagt inn i Naturbase under Miljødirektoratet. Kartlegging av marint biologisk mangfald omfattar spesielle marine naturtypar, nøkkelområde for spesielle artar og bestandar og data er å finne i Naturbase under Miljødirektoratet. Kysttorsk har i dei seinare åra vorte meir sjeldan langs kysten av sør-Norge, og fiskeristyresmaktene har som ei målsetting å beskytte kjente og viktige nøkkelområde for torsken. Tilknytt arbeid med kartlegging av marint biologisk mangfald, har Havforskningsinstituttet i Bergen føreteke verifisering og verdifastsetting av gyteområde bl.a. langs kysten av Hordaland. Gyteområda kan sjåast gjennom Fiskeridirektoratet sin kartløyning på [www.fiskeridir.no](http://www.fiskeridir.no). Der finn ein også marine naturtypar som er registrert i samband med det nasjonale kartleggingsprogrammet. Til sist ber vi om at også Havforskningsinstituttet i Bergen vert høyrd i samband med konsekvensutgreiing for marint biologisk mangfald:

- Havforskningsinstituttet i Bergen, pb 1870 Nordnes, 5817 Bergen, e-post: [post@imr.no](mailto:post@imr.no)

Med helsing

Paul Jacob Helgesen  
seksjonssjef

Ola Midttun  
seniorrådgiver

*Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift*

**Kopi til:**

Kystverket Vest	Plan- og Kystforvaltningsavdelingen	6025	ÅLESUND
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN
Havforskningsinstituttet FHL	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
Norges Fiskarlag	Postboks 1233 Sluppen	7462	TRONDHEIM
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG